



Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.:
23/6439 - 24/39006 / OYBA1

Dykkar ref.:
24/1393

Dato:
22.08.2024

Høring av støtteordning for flytende havvind i Vestavind B og Vestavind F

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 28. juni. der de ber om tilbakemelding på «støtteordning for flytende havvind i Vestavind B og Vestavind F»

Høringen gjennomføres i tråd med ESAs retningslinjer for statsstøtte til klima, miljøbeskyttelse og energi (Guidelines on state aid for climate, environmental protection and energy, hvor det bes om tilbakemelding på eventuelle konkurransemessige virkninger og proporsjonaliteten av en støtteordning før den notifiseres til ESA. Departementet inviterer høringsinstansene til å gi innspill på de konkrete spørsmålene som stilles i dette dokumentet, men imøteser også generelle innspill til elementene som omtales. Høringsinnspill kan sendes inn gjennom nettløsningen på regjeringen.no innen 23. august 2024.

- Gitt at energiproduksjonen skal foregå til havs i Vestavind F og Vestavind B, med disse områdenes tekniske og geografiske forutsetninger, har høringsinstansene synspunkter på departementets begrensning av støtteordningen til flytende havvindteknologi?
- Har høringsinstansene synspunkter på om andre teknologier enn flytende havvind kunne gitt fornybar kraftproduksjon i samme skala i Vestavind F eller Vestavind B?

I vår region er det mange store planar for etableringar som krev energi og det pågår mange elektrifiseringsprosjekt av industri og transport.

Vi er gjort kjend med Statnett sine restriksjonar på nett- og energitilgang til nye etableringar i vår region. I dette område set Statnett alle nye prosjekt som er «modne i kø» når dei krev straum er over 5mw. Prosjekt som er under planlegging, og er i samsvar med nasjonal politikk knytt til det «grøne skifte» blir uheldig råka og det skaper usikkerheit for næringsliv.

Trass at vi er ein region med særstør kraftproduksjon er det mange som undrande seg til at det ikkje kan bli lovnad om tilgang til nett- og kraft. Men samstundes må vi erkjenne at omstilling til redusert bruk av fossile ressursar er krevjande. Sjølv om energieffektivisering er den lågast hengande frukta for betre miljø, kjem vi heller ikkje unna å måtte ta stilling til korleis skaffe ny kraft og investere i nye energiformer. Vi fryktar at arbeidet og tiltak som gjev reduksjon av skadelege klimagassar stoppar grunna manglande avklaring på kraft og nettsituasjonen.

Overgang frå fossilt til elektrisk drift i mange sektoren er vesentleg for klima mål, og at industri og næringsarbeidsplassar ikkje kan etablerast som følgje av kraft og nettmangel

må det gjerast tiltak mot. Slik sett ser vi positivt på at de ser det som mogeleg å komme i gang med vindkraft i område Vestavind F og B i løpet av rimeleg tid.

Kommunestyret i Kinn kommune har slutta seg til Energikommisjonen «Meir av alt – raskare». Samtidig peika kommunestyret på at ein må vi ta omsyn til fiskeri sin interesser (k.sak 020/23)

Kinn kommune er også opptatt at olje- og gassinstallasjonar skal elektrifiserast. Kinn kommune meiner at den krafta må kome frå offshore vind. Vi er derfor opptatt av at planane om elektrifisering av Tampen feltet må vurderast i lys av kraft opning av offshorevind områder. Samtidig meiner vi at departementet må sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket. Grunnlaget for at ny 420 kv for kort tid sidan vart lagt ut til Kysten av nordre del av Vestlandet nettopp for å etablere påkobling av vindressursar til havs. I det vidare arbeidet må det derfor også leggjast til grunn at ein vel land påkobling til det sentrale transmisjonsnettet på Grov.

Vi er samstundes urolege for kostnader til etablering av støtterelevativ for Havvind. Vi håpar derfor at det vert fokusert på rammevilkår for at det kan utviklast lokal- og regional industri til også drift- og logistikkløysingar. Det er ynskjeleg at det vert stilt til rådte innovasjon- og omstillingsmidlar til slike formål.

Når det gjeld dykkar spørsmål om alternativ til offshore havvind har vi ikkje særleg synspunkt på dette, men vi har lokale entreprenørar som jobbar med å utvikle bølgekraft. Sidan spørsmålet er stilt, synes vi at i det vidare arbeid med bølgeraft er interessant å legge til rette for.

Helsing

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Øyvind Bang-Olsen
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Equinor Asa	Postboks 8500	4035	Stavanger
Linja As	Langemyra 6	6160	Hovdebygda
Statnett Sf	Postboks 4904 Nydalen	0423	Oslo
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen